

K O P I

HUNDEIDVIK VASSVERK SA
6224 HUNDEIDVIK

Dykkar ref:
Vår ref: 2014/143614
Dato: 20.06.2014
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

HØYRINGSUTTALE - KONSESJONSSØKNAD FOR HUNA KRAFTVERK

Mattilsynet, Distriktskontoret for Sunnmøre (DK Sunnmøre), vart den 16.05.2014 orientert om at det ligg føre konsesjonssøknad for Øvre Huna Kraftverk og Nedre Huna kraftverk i Sykkylven kommune. Det vert vist til ein fellessøknad om utbygging av 10 småkraftverk i kommunane Ørskog og Sykkylven, datert 07.04.2014, NVE referanse; 200902805-19, 201002635-11, 201102986-16, 201200220-12, 201200950-12, 201400304-5, 200901730-12, 201001556-14, 200707232-19 Arkiv: 312.

Drikkevatn er å sjå på som ein ressurs med stor samfunnsmessig betydning. Som sektormyndede har Mattilsynet derfor uttale- og eventuelt rett til motsegn etter Plan- og bygningslova i plansaker som vedkjem drikkevatn. Dette vil i praksis omfatte alle plansaker der drikkevatn i nedbørsfelt, vasskjelde, vassverk og leidningsnett kan verte omfatta. Dette gjeld både for private og kommunale vassforsyningssystem.

Mattilsynet er ikkje registrert som høyringsinstans i denne saka. Høyringsfristen er sett til 30.06.2014.

DK Sunnmøre uttaler seg til nemnde konsesjonssøknad om tilhøve som vedkjem vassforsyninga i Sykkylven kommune. Ei eventuell utbygging av Øvre og Nedre Huna kraftverk vil berøre elva Huna som er drikkevasskjelda for innbyggjarane i Hundeidvik og Tusvik.

DK Sunnmøre har ingen marknader til utbygging av småkraftverka i Aurdal, Regndalen (Kroken kraftverk) og Gimsdalen, då det etter våre opplysningar ikkje er drikkevasskjelder i desse områda.

Fakta:

Sykkylven Energi AS har i medhald av vassressurslova søkt Norges vassdrags- og energidirektorat om konsesjon til å byggje småkraftverk i Sykkylven kommune. Det er og søkt om løyve etter energilova for bygging og drift med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Øvre Huna og Nedre Huna kraftverk vil nytte eit fall på høvesvis 280 meter og 155 meter i elva Huna. Vassinntaket er planlagt på kote 450 for Øvre Huna og kote 160 for Nedre Huna. Kraftstasjonane er planlagt på høvesvis kote 170 og kote 5. Vassvegen er planlagt på austsida av elva som nedgrave røyr med ei total lengd på 2000 meter for Øvre Huna, og på vestsida av elva med ei total lengd på 1750 meter for Nedre Huna. Det er planlagt å nytte eksisterande vegar i området og lage mindre avstikkarar på omtrent 100 meter for å kome fram til vassinntak og kraftstasjonar. Middelvassføringa er 0,5 m³/s for Øvre Huna og 0,74 m³/s for Nedre Huna.

Utbyggingane vil føre til redusert vassføring på totalt 3500 meter av elva. Øvre Huna kraftverk vil ha ein installert effekt på 2,6 MW og produsere om lag 7,6 GWh årleg. Nedre Huna kraftverk vil ha ein installert effekt på 1,95 MW og produsere om lag 6,1 GWh årleg. Det er òg fremma ei alternativ utbygging, Mellom-Huna, som vil ha inntak på kote 295 og kraftverk på kote 5. Det vil ha ein installert effekt på 2,7 MW og produsere om lag 8,3 GWh årleg.

Vurdering

Mattilsynet minner om at det kan vere liv og helse som står i fare dersom drikkevatnet skulle bli forureina. Viser forøvrig til drikkevassforskrifta. Det er vassverket som er ansvarleg. Dette betyr at utbyggjar må ha nær kontakt og dialog med vassverkseigar og syte for at nødvendige førehandsreglar som sikrar vasskjelda best mogeleg både i anleggsperioden og etter at kraftverka er ferdigstilt.

Fare for forureining av vassforsyninga til Hundeidvik vassverk i ein anleggsperiode kan ikkje utelukkast. Dei risikoreduserande tiltaka som er sett opp, må i ein eventuell anleggsfase ivareta vassverket sitt krav til ei kvar tid å kunne levere tilstrekkeleg vatn av drikkevasskvalitet. Mattilsynet vil presisere at der kviler eit ekstra stort ansvar på tiltakshavar med kontroll av arbeid og utstyr i anleggsperioden, slik at ein tryggjar vassverket og unngår forureining av kjelde og sikringssoner, jf Drikkevassforskrifta §4 "Bestemmelser om forbud mot forurensing av vannforsyningssystem".

Det er ein føresetnad og heilt avgjerande at dei risikoreduserande tiltaka vert følgd og iverksett under ei eventuell kraftverkutbygging i Huna vassdraget. Det er viktig å kartleggje eventuelle private vassforsyningssystem i tiltaksområda og ta nødvendige omsyn til desse både i planleggingsfasen, utbyggingsfasen og ved drift av kraftverka. Særleg merksemd bør det knytast til risiko for diffuse utslepp (kreosot, petroleumprodukt etc.). Behov for tilstandsanalyse av drikkevatnet før eventuelle tiltak vert iverksett, bør vurderast der det er aktuelt.

Konklusjon

Mattilsynet DK Sunnmøre vil presisere at det er ein føresetnad og heilt avgjerande at dei risikoreduserande tiltaka vert følgd og iverksett under ei eventuell kraftverkutbygging i Huna vassdraget, jf. Drikkevassforskrifta §4. DK Sunnmøre har ingen merknader til øvrig omsøkt utbygging av småkraftverk i Sykkylven kommune.

Sjå vedlegg til tilsynsrapport.

Med helsing

e. f. Lennart Floyd Berge
Lennart Floyd Berge
seksjonssjef

Kopi til:

SYKKYLVEN ENERGI AS, Haugsetvegen 33, 6230 SYKKYLVEN
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) PERSONAL- OG ORGANIS, Postboks
5091 MAJORSTUA, 0301 OSLO
FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, Julsundvegen 9, 6412 MOLDE

Vedlegg:

Vedlegg til tilsynsrapport